

Alver kommune
Atle Dingen
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3305 - 21/26806

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.05.2021

Referat frå førehandskonferanse - gbnr 103/48 Fjellanger

Førehandskonferanse er ein gjensidig orientering om rammeføresetnader for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen gjev ingen binding i forhold til den vidare sakshandsaminga.

Orienteringa er gjevne på bakgrunn av dei opplysningane som er sendt inn i forkant og/eller lagt fram i møte. Vi gjer merksam på at endring i plangrunnlag, merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

For krav til førehandskonferanse vert det vist til byggesaksforskrifta § 6-1.

Referatet skal dokumentere dei føresetnader som er lagt til grunn, og gjev grunnlag for vidare handsaming. Referatet skal slutførast i førehandskonferansen og kommunen skal straks gjere referatet tilgjengeleg for tiltakshavar. Referatet skal følgje med som vedlegg til ein eventuell byggesøknad.

Førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste, jf. Alver kommune si gebyrforskrift.

Tiltak	Etablering av ny pumpestasjon/evt. utviding av eksisterande pumpestasjon på Vågseidet og ny pumpeleidning mellom Vågseidevatnet og Sjursetvatnet
Tiltakshavar	Alver kommune
Ansvarleg søker	Norconsult AS Avd Bergen
Møtestad	Rådhuset
Møtedato	27.04.2021, kl. 14.00
Til stades i møtet frå kunde og kommune	Jan-Inge Nilssen og Trond H. Hanssen frå Norconsult Atle Dingen, Arne Eikefet og John Bauge frå Alver kommune prosjekt

	Anne Lise Molvik og Are Frøysland Grande frå Alver kommune plan og byggesak
--	---

<p>Søklar kom med følgjande orientering om tiltaket</p>	<p>Søklar opplyser i førespurnaden at Alver kommune skal forsterka industrivassforsyninga mot Mongstad.</p> <p>Tiltaket gjeld fase 1 og omfattar utviding av eksisterande pumpestasjon/evt. etablering av ny ved Vågseidet og bygging av ny pumpeleiding mellom Vågseidet og Sjursetvatnet.</p> <p>Ny pumpestasjon vil ha ein storleik på 60-65 m². Plasseringa er om lag som for eksisterande bygg. Alver kommune eig grunnen.</p> <p>Søklar ønskjer svar på følgjande: <i>«Selve utførelsen av prosjektet er rimelig enkel, men fordi det strekker seg over et stort område, med 3 angrepspunkt ønsker vi en avklaring på hvordan søknadsprosessen skal legges opp, og hva Alver kommune vil kreve av dokumentasjon.</i></p> <p>Vi ser for oss at det søkes om rammeløyve for hele prosjektet i èn søknad, som da vil omfatte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bygning for pumper, røranlegg og automatikk. <p>Statsforvalteren har gitt dispensasjon for tiltaket, men det må byggemeldes som vanlig etter PBL §93. Hvilke dokumenter ønskes ifm. søknad om rammeløyve for pumpestasjonen?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Legging av sjøledning på strekningen Vågseidet – Syslakvågen nord. <p>Dispensasjonen fra Statsforvalteren gjelder også denne delen av anlegget, men saken må også behandles av Bergen & Omland Havnevesen (BOH) etter «Havne- og farvannsloven». BOH krever en uttale fra, i dette tilfelle, Alver kommune om at sjøledningen er planmessig godkjent av kommunen. Før vi kan sende søknad til BOH må vi få en skriftlig uttale om ledningen, helst som et notat, men det er også greit som epost.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Søknad om dispensasjon fra kommuneplanen om bygging av ledningsgrøft i LNF-område. <p>Her vises det til konsesjonssaken, men slik vi forstår ordlyden i konsesjonen gjelder denne kun «de vassdragstekniske» installasjonene, dvs. regulatorer, dammer, overløp mv. Øvrige arbeider byggemeldes iht. PBL §93.</p> <p>Vi kan ikke finne noen planer i Alver kommunes planarkiv som omhandler eller viser ledningen langs Veråsveien selv om den er en del av konsesjonen fra NVE og at det har vært avholdt skjønn langs traseen.</p> <p>Hvilke dokumenter/søknader må leveres ifm. innsendelse av søknad om dispensasjon for senere søknad om rammeløyve for bygging?»</p>
--	---

Sakshandsaming

Sakstype	<input checked="" type="checkbox"/> Tiltak som krev søknad, løyve og ansvarsrett jf. pbl. § 20-3 <input type="checkbox"/> Tiltak som krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-4 <input type="checkbox"/> Tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-5 <input type="checkbox"/> Tiltak som vert handsama etter anna lovverk, jf. pbl. § 20-6 <input checked="" type="checkbox"/> Søknad om dispensasjon, jf. pbl § 19-1
Tiltaksklasse SØK	<input type="checkbox"/> Tiltaksklasse 1 <input type="checkbox"/> Tiltaksklasse 2 <input type="checkbox"/> Tiltaksklasse 3 Kompleksitet og moglege konsekvensar av feil og manglar, er avgjerande for val av tiltaksklasse. Val av tiltaksklasse kan verta endra i løpet av prosessen.
Nabotilhøve	<input checked="" type="checkbox"/> Naboar og tverrbuar skal ha varsel i samsvar med naboliste og situasjonskart, jf. pbl. § 21-3. Tiltaket skal vera plassert minimum 4 meter frå eigedomsgrensa, jf. pbl. § 29-4, med mindre: <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Det er sett anna byggegrense i plan <input checked="" type="checkbox"/> Det vert søkt om dispensasjon <input checked="" type="checkbox"/> Det ligg føre skriftleg samtykke frå nabo, jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b Gjeld pumpèhus er plassert nærmare nabogrense enn 4 m <input type="checkbox"/> Kommunen kan godkjenne nærare plassering av garasjar, uthus og liknande mindre tiltak jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b, jf. TEK10 § 6-4
Situasjonsplan/ utomhusplan	Situasjonsplan må visa alle tiltaka søknaden gjeld. Krav til innhald er til dømes: <ul style="list-style-type: none"> • Målsatt med ytre mål • Vise avstand til nabogrense • Vise møneretning • Vise byggegrenser • Vise avstand til midtline til offentleg veg • Vise murar/terrenginngrep/uteopphaldsareal
Teikningar	Det må sendast inn teikningar i målestokk. Det skal leggjast ved teikningar av alle fasadar, planløyving med målsett areal på rom, og snitt. Mønehøgde og gesimshøgde skal gå fram. Bygg som skal rivast må inngå i søknaden og visast på kart. Teikningar/evt. bilete må leggjast ved. Arealet må gjevast opp. For leidningstraseen må det leggjast ved plan- og profilteikningar. Ved søknad om endring av eksisterande bygg må det leggjast ved: <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Fasadar og planløyving før endring <input checked="" type="checkbox"/> Fasadar og planløyving etter endring, der endringar er tydeleg markert

Uavhengig kontroll	<input checked="" type="checkbox"/> Obligatorisk uavhengig kontroll, jf. SAK § 14-2 <input type="checkbox"/> Kommunen krev uavhengig kontroll, jf. SAK § 14-3.																																						
Godkjenning/uttale etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2 Der forholdet til anna mynde ikkje er avklart ved innsending av søknad, vert søknaden sendt på høyring og/eller oversendt for vedtak etter det aktuelle lovverk.	<table border="1"> <tr><td><input checked="" type="checkbox"/></td><td>Arbeidstilsynet</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Direktoratet for mineralforvaltning</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Brannvesen</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Forurensningsstyresmakt – Kommunal</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Forurensningsstyresmakt – Statsforvaltaren</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Friluftsstyresmakt - Kommunal</td></tr> <tr><td><input checked="" type="checkbox"/></td><td>Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen: Leiðning i sjø</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Havnestyresmakt - Kystverket</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Helsestyresmakt - Mattilsynet</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Jordlovsstyresmakt – Kommunal Høyringspart</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Kyrkjeleg styresmakt</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Luffartstilsynet</td></tr> <tr><td><input checked="" type="checkbox"/></td><td>Kulturminne – Fylkeskommunen Høyringspart</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum Høyringspart</td></tr> <tr><td><input type="checkbox"/></td><td>Sivilforsvaret</td></tr> <tr><td><input checked="" type="checkbox"/></td><td>Vegstyresmakt – Kommunal Ved behov for dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg og graveløye.</td></tr> <tr><td><input checked="" type="checkbox"/></td><td>Vegstyresmakt – Vestland fylkeskommune Ved behov for dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg og graveløyve.</td></tr> <tr><td><input checked="" type="checkbox"/></td><td>Anna Søknaden om dispensasjon vil verta send på høyring til regionale og lokale styresmakter. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til uttale.</td></tr> </table> <p>Søklar kan sjølv leggja saka fram for andre styresmakter.</p>	<input checked="" type="checkbox"/>	Arbeidstilsynet	<input type="checkbox"/>	Direktoratet for mineralforvaltning	<input type="checkbox"/>	Brannvesen	<input type="checkbox"/>	Forurensningsstyresmakt – Kommunal	<input type="checkbox"/>	Forurensningsstyresmakt – Statsforvaltaren	<input type="checkbox"/>	Friluftsstyresmakt - Kommunal	<input checked="" type="checkbox"/>	Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen: Leiðning i sjø	<input type="checkbox"/>	Havnestyresmakt - Kystverket	<input type="checkbox"/>	Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste	<input type="checkbox"/>	Helsestyresmakt - Mattilsynet	<input type="checkbox"/>	Jordlovsstyresmakt – Kommunal Høyringspart	<input type="checkbox"/>	Kyrkjeleg styresmakt	<input type="checkbox"/>	Luffartstilsynet	<input checked="" type="checkbox"/>	Kulturminne – Fylkeskommunen Høyringspart	<input type="checkbox"/>	Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum Høyringspart	<input type="checkbox"/>	Sivilforsvaret	<input checked="" type="checkbox"/>	Vegstyresmakt – Kommunal Ved behov for dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg og graveløye.	<input checked="" type="checkbox"/>	Vegstyresmakt – Vestland fylkeskommune Ved behov for dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg og graveløyve.	<input checked="" type="checkbox"/>	Anna Søknaden om dispensasjon vil verta send på høyring til regionale og lokale styresmakter. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til uttale.
<input checked="" type="checkbox"/>	Arbeidstilsynet																																						
<input type="checkbox"/>	Direktoratet for mineralforvaltning																																						
<input type="checkbox"/>	Brannvesen																																						
<input type="checkbox"/>	Forurensningsstyresmakt – Kommunal																																						
<input type="checkbox"/>	Forurensningsstyresmakt – Statsforvaltaren																																						
<input type="checkbox"/>	Friluftsstyresmakt - Kommunal																																						
<input checked="" type="checkbox"/>	Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen: Leiðning i sjø																																						
<input type="checkbox"/>	Havnestyresmakt - Kystverket																																						
<input type="checkbox"/>	Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste																																						
<input type="checkbox"/>	Helsestyresmakt - Mattilsynet																																						
<input type="checkbox"/>	Jordlovsstyresmakt – Kommunal Høyringspart																																						
<input type="checkbox"/>	Kyrkjeleg styresmakt																																						
<input type="checkbox"/>	Luffartstilsynet																																						
<input checked="" type="checkbox"/>	Kulturminne – Fylkeskommunen Høyringspart																																						
<input type="checkbox"/>	Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum Høyringspart																																						
<input type="checkbox"/>	Sivilforsvaret																																						
<input checked="" type="checkbox"/>	Vegstyresmakt – Kommunal Ved behov for dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg og graveløye.																																						
<input checked="" type="checkbox"/>	Vegstyresmakt – Vestland fylkeskommune Ved behov for dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg og graveløyve.																																						
<input checked="" type="checkbox"/>	Anna Søknaden om dispensasjon vil verta send på høyring til regionale og lokale styresmakter. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til uttale.																																						


Plangrunnlag													
Planstatus	<table> <tr> <td><input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan</td> <td><input type="checkbox"/> Pågåande planarbeid</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Reguleringsplan</td> <td><input type="checkbox"/> Områderegulering</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Utbyggingsplan</td> <td><input type="checkbox"/> Detaljregulering</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Omsynssoner</td> <td><input type="checkbox"/> Bygge- og deleforbod</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Uregulert</td> <td><input type="checkbox"/> Energipolitisk handlingsplan</td> </tr> <tr> <td><input type="checkbox"/> Lokale vedtekter</td> <td><input checked="" type="checkbox"/> Anna</td> </tr> </table>	<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan	<input type="checkbox"/> Pågåande planarbeid	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Områderegulering	<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan	<input type="checkbox"/> Detaljregulering	<input type="checkbox"/> Omsynssoner	<input type="checkbox"/> Bygge- og deleforbod	<input type="checkbox"/> Uregulert	<input type="checkbox"/> Energipolitisk handlingsplan	<input type="checkbox"/> Lokale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Anna
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan	<input type="checkbox"/> Pågåande planarbeid												
<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Områderegulering												
<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan	<input type="checkbox"/> Detaljregulering												
<input type="checkbox"/> Omsynssoner	<input type="checkbox"/> Bygge- og deleforbod												
<input type="checkbox"/> Uregulert	<input type="checkbox"/> Energipolitisk handlingsplan												
<input type="checkbox"/> Lokale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Anna												
Plannamn	Tiltaket ligg i hovudsak innanfor kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid 1263-200810. Den delen av titaket som ligg på nordaust-sida av Veråsvegen vil vera omfatta av kommunedelplanen for Lindås 2019-2031, planid												

	<p>1263-201805.</p> <p>Korrigering etter møtet: Skiljet mellom kommuneplanane går i midt fylkesveg 5496, Veråsvegen. Arealføremålet er det same i begge planane, med korrigeringa vil få verknad for kven som skal behandla søknaden om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesvegen.</p>
Føremål	<p>Området på land er avsett til LNF-føremål og omsynssone landbruk i begge planane. Området i sjø er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden der arealet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag.</p> <p>Omsynssone landbruk: H510_oL36 i KDP Lindås og H510_oL05 i KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Syslakvågen er avsett til gytedefelt sjå føresegn 5.19</p>
Planføresegner	<ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Maksimal utnyttingsgrad og reknemåte: <input type="checkbox"/> Maksimal gesims-/ mønehøgde: <input checked="" type="checkbox"/> Byggegrense/byggelinje: Føresegn 1.4 om byggegrense langs fylkesveg i KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden Føresegn 4.5 om byggegrense langs vassdrag som er 50 meter. <input type="checkbox"/> Frisiktsone: <input type="checkbox"/> Krav til møneretning/takform: <input type="checkbox"/> Krav til takvinkel: <input type="checkbox"/> Spesielle krav til terreng, gjerder, murar m.m.: <input checked="" type="checkbox"/> Anna: Føresegn 1.24 om forholdet til høg vasstand (2,5 – 3,0 meter) Føresegn 4.1 om tiltak som kan etablerast i LNF-område. Føresegn 5.2 Utlegging av sjøleidningar er tillate i område for bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde Føresegn 5.19 Gyteområde Søknadar om tiltak i desse områda skal leggjast fram for fiskeridirektøren før vedtak vert fatta. Føresegn 7.6 om omsynssone landbruk <p>Kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031: Føresegn 341 og 4.2.1 om landbruk føresegn</p>

<p>Dispensasjon</p> <p>Dispensasjon krev grunnleggjtt søknad. Dispensasjon må nabovarslast, enten særskilt eller saman med byggeløyve.</p>	<p>Dette tiltaket krev dispensasjon frå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Gjeldande kommuneplan/kommunedelplan for følgjande føremål/føresegner: <ul style="list-style-type: none"> Nytt pumpehus på gbnr 103/48: LNF-føremålet. Leidningstrase: LNF-føremålet i KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og i KDP Lindås 2019-2031. Føresegn 1.4 om byggegrense langs fylkesveg i KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden Føresegn 4.5 Byggeforbodet langs vassdrag som er 50 meter dersom aktuelt tiltak ligg innanfor denne sona. <input checked="" type="checkbox"/> Plan- og bygningslova: Byggeforbodet langs sjø og vassdrag, jf pbl § 1-8 i KDP Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden <input type="checkbox"/> Forskrifter: <input type="checkbox"/> Vedtekter: <input checked="" type="checkbox"/> Anna: Byggegrensa langs fylkesveg etter veglova. Gjeld den del av traseen som ligg på austsida av fylkesveg 5496, Veråsvegen. Dette er korrigerert etter gjennomført førehandskonferanse. <p>Byggegrensa langs kommunal veg etter veglova.</p>
<p>Vurdering/merknad:</p>	<p>Det vert vurdert at etablering av vassleidning i sjø er i samsvar med plangrunnlaget, jf. føresegn 5.2.</p> <p>Byggegrensa langs fylkesveg 5496, Veråsvegen, er 15 meter frå midt veg for den delen av tiltaket som ligg innanfor kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, jf. føresegn 1.4. I den grad tiltaket kjem i konflikt med denne må det søkjast om dispensasjon. Byggesaksavdelinga behandlar søknaden etter uttale frå Vestland fylkeskommune.</p> <p>For den del av tiltaket som ligg på nordaustsida av fylkesveg 5496, Veråsvegen, er byggegrensa 50 meter frå midt veg slik det går fram av veglova. Dette området ligg innanfor kommunedelplanen for Lindås 2019 – 2031 som ikkje har eigne føresegner om byggegrense langs fylkesveg. Det må søkjast om dispensasjon etter veglova. Søknaden skal sendast direkte til Vestland fylkeskommune. Graveløyve vert behandla av Vestland fylkeskommune Søknadskjema for dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg og graveløyve finn de her.</p>

	Byggegrensa langs kommunal veg er 15 meter frå midt veg. Dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg og graveløyve vert behandla av Alver kommune si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp - forvaltning. Søknadsskjem for dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg og graveløyve finn de her .
--	--

Visuelle kvalitetar	I § 29-2 i pbl. står det: "Ethvert tiltak skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering". <input checked="" type="checkbox"/> Krav til estetikk/tilpassing i reguleringsføresegner.
Vurdering/merknad:	

Andre tilhøve	
Klima –og naturtilhøve	<input type="checkbox"/> Ras <input type="checkbox"/> Flom <input type="checkbox"/> Støy <input type="checkbox"/> Radon
Verneinteressar i området	<p>Området er omfatta av den marine verneplanen for Lindåsosane og Lurefjorden. Statsforvaltaren har gitt dispensasjon for tiltaket i vedtak datert 18.03.2021.</p> <p>Det er fleire registreringar i området knytt til ulike artar som må takast særleg omsyn til. Det er opplyst at det er utarbeidd rapport over biologisk mangfald i 2021. Denne bør leggjast ved søknaden, også dersom det berre vert søkt om dispensasjon i første omgang.</p> <p>Området er kartlagt som svært viktig friluftlivsområde.</p> <p>Det er registrert eit automatisk freda kulturminne ved Hovden. Ny vassleidning må ta omsyn til denne.</p>  <p>Tiltaket ligg innanfor kulturmiljøet den indre farleia.</p>
Høgspenline	I den grad det skal utførast arbeid under høgspenlinje må tiltaket avklarast med linjeeigar BKK.

Privatrettslege forhold	Det må innehentast grunneigarerklæring frå berørte eigedomar. Avtalen bør omfatta skildring av tilbakeføring av arealet etter ferdig anleggperiode.
Avstand til kommunalt leidningsnett	Krav om 4 meter avstand, jf. standard abonnementsvilkår punkt 3.4. Plassering i strid med dette krev søknad om dispensasjon.

Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar	<p>Tiltaket ligg i hovudsak innanfor kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid 1263-200810. Den delen av tiltaket som ligg på nordaust-sida av Veråsvegen vil vera omfatta av kommunedelplanen for Lindås 2019-2031, planid 1263-201805.</p> <p>Tiltaket i sjø er vurdert å vera i samsvar med arealføremålet i sjø, medan del av tiltaket som skal etablerast på land vil vera i strid med arealføremålet LNF og plan- og bygningslova § 1-8, som er det generelle byggeforbodet langs sjø og vassdrag. Planen har fastsett eiga byggegrense som er 50 meter mot vassdrag. Denne vil gjelda for Sjursetvatnet.</p> <p>Innanfor kommunedelplanen for Lindåsosan, Lygra og Lurefjorden er byggegrensa langs fylkesvegen 15 meter og det er kommunen som fattar vedtak om dispensasjon, jf. føresegn 1.4. Søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs veg kan inngå i dispensasjonssøknaden som gjeld arealføremålet og pbl § 1-8/føresegn 4.5. Det er ikkje nødvendig å nytta standard skjema til Statens vegvesen her.</p> <p>For del av leidningstraseen som ligg nordaust for Veråsvegen er det veglova sine bestemmelsar om byggegrense langs fylkesveg som gjeld. I utgangspunktet er den 50 meter. Søknad må sendast via Statens vegvesen sin portal. Søknaden vert behandla av Vestland fylkeskommune.</p> <p>Oppføring av nytt pumpehus og etablering av ny leidningstrase krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova og Lov om havner og farvann. Vi har lagt ved brev om planstatus som kan leggjast ved søknad om løyve etter hamnelova.</p> <p>Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova og søknaden om dispensasjon må nabovarlast. Alver kommune og Vestland fylkeskommune skal også varslast som eigar.</p> <p>Tiltak i sjø innanfor område som er omfatta av den marine verneplanen skal sendast Statforvaltaren for vurdering. Det er gitt løyve til dispensasjon frå verneplanen.</p> <p>Tiltaket må teiknast inn på kart som har ein slik målestokk at det går tydeleg fram kva som vert søkt om. Plan-, snitt- og fasadeteikningar må leggjast ved for nytt bygg, og plan- og profildeikningar for leidningstrase. Det bør gå tydeleg fram av søknaden kva tiltak som skal gjennomførast i strandsona ved</p>
---	---

	<p>ilandføring av leidning.</p> <p>Søknad om løyve til tiltak kan sendast inn som søknad i eitt-trinn eller som søknad om rammeløyve. Det er opp til sækjar å avgjera. Heile tiltaket bør inngå i same søknad. Kommunen kan ikkje gje løyve, verken i eitt-trinn eller rammeløyve, før det ligg føre positivt vedtak om dispensasjon frå plangrunnlaget og veglova. Vi kan ikkje gje igangsetjing for tiltak i sjø før det ligg føre løyve etter hamnelova.</p>
--	---

Søknad om løyve til tiltak sendast til:

Per post:

Alver kommune
V/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 Frekhaug

Elektronisk
post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Planstatus for tiltak i sjø - gbnr 10348 m. fl. Fjellanger
Kopi av brev frå statsforvalteren
kart
Teikning

Mottakarar:

Alver kommune
Norconsult AS Avd Bergen

Postboks 4
Postboks 1199 Sentrum

5906 FREKHAUG
5811 BERGEN